

Slik søker du produksjonstilskott for 2020 Rettleiing for søkarar

[Gå hit for å sjå rettleiing, video og informasjon om "Min side"](#)

Autentisere og logge på

Første gong du loggar på

For å ta i bruk «Min side» må du aktivere brukaren din. Første gong du loggar på gjer du følgjande:

- 1: Du får ein e-post med invitasjon til «Min side»
2. Klikk på linken i e-posten for å stadfeste brukaren din. For ettertid vil det vere følgjande adresse til «Min side»:
<https://medietilsynet.force.com> Det er lurt å lagre denne som bokmerke eller *Favoritt* i nettlesaren din.

Passord opprettar du første gong du skal logge inn. Når passord er oppretta, vil du få melding om å skrive inn ein sikkerhetskoden. Denne vil bli sendt på den e-postadressa du er registrert med hos Medietilsynet.

OBS! dersom du ikkje mottok e-posten med koden så kan det vere lurt å sjekke spam-filteret ditt.

For framtidige påloggingar til «Min side»

1. Gå til <https://medietilsynet.force.com>
2. Skriv inn e-post adressa ditt (brukarnamn) og passordet du sjølv har laga
3. Du får tilsendt ein sikkerhetskoden på e-post. Skriv inn den 6-siffrige koden. Trykk «Neste»
4. Du er no innlogga på Min side

Du vil få tilsendt ny sikkerhetskoden kvar gong du skal logge deg på «Min side»

Fyll inn søknad

1. Klikk på: «Støtte- og tilskuddsordninger»
2. Vel: «Produksjonstilskudd»
3. Øvst på sida blir det vist «Mine søknader»

Vel «Ny» på høgre side - ein ny søknad opnar seg

4. Du kan når som helst trykkje «Lagre» nedst i søknaden. Informasjonen du har fylt inn blir verande den same til neste gong du loggar på.
5. Fyll ut all nødvendig informasjon i skjemaet. Det finst hjelpetekstar for kvart punkt. Desse blir synlege ved å halde musépeikaren over «i»- ein ved kvart spørsmål.
6. Du treng berre fylle inn siste år sitt rekneskapstal (2019). Vi vil nytte tidlegare innsende informasjon til behandling av søknaden dykkar.
7. Når du er har fylt ut alle obligatoriske felt og er klar til å sende inn søknaden må du endre «Status» i siste nedtrekksmeny til «Klar for godkjenning hos revisor» og deretter klikke «Lagre».
8. Søknaden blir no sendt til revisor som er registrert på avisa di. Du vil få tilbakemelding per e-post.

Dersom du søker tilskot for eit nyetablert medium ber vi om at du sender oss ti ulike nummer frå 2019 per post. Dersom mediet er ei kontinuerleg oppdatert nettside ber vi om at to fulle vekerproduksjonar frå 2019 blir gjort tilgjengeleg for Medietilsynet per e-post til produksjonstilskudd@medietilsynet.no for den einskilde artikkelen må kome tydeleg fram.

Nye søkjarar vil få gjesting av Norsk Opplagskontroll AS for blant anna å kontrollere opplaget i 2019. Du vil bli kontakta for å avtale tidspunkt for kontrollen.

Revisorgjennomgang

Når du har sendt inn søknaden blir den vidare sendt til revisor. Du får ein e- post når søknaden er revidert, med ei tilbakemelding om den er hgdkjent eller ikkje. Dersom søknaden ikkje er godkjent av revisor må du endre søknaden slik revisor beskriv sin gjennomgang og sende inn på nytt.

Når søknaden er endeleg godkjent av revisor går den til saksbehandling i Medietilsynet. Status på søknaden din vil alltid stå øvst på sida for søknaden på Min side.

Godkjent/ ikke godkjent

Medietilsynet gjennomgår søknaden og du får tilbakemelding på e-post og på Min side om søknaden er innvilga eller avslått.

Rettleiing om tillate utbytte til medium som mottok produksjonstilskot
finst her:

<https://medietilsynet.no/globalassets/dokumenter/produksjonstilskudd/utbytteveiledning-til-tilskudsberettigede-medier.pdf>

Har du spørsmål? Kontakt oss på

produksjonstilskudd@medietilsynet.no eller ring 69301200.